

# 1 VEDTEKTER FOR VESTLAND VENSTRE 2020 >

## 2 Nynorsk versjon av normalvedtekter for fylkes- og regionlag av Venstre

### 3 § 1. FORMÅL

4 Formålet til Vestland Venstre er å arbeide aktivt for Venstre sine saker i fylket i samsvar med  
5 Venstre sine hovudvedtekter og Venstre sitt program.

### 6 § 2. MEDLEMSKAP

7 Personar over 15 år som ikkje er medlem i noko anna parti, og som deler Venstre sitt  
8 grunnsyn, kan bli medlem av Venstre.

9 Medlemskap får ein frå det tidspunkt ein melder seg inn. Medlemsrettane oppstår når  
10 kontingent er betalt.

11 Samla kontingent vert fastsett av Venstre sitt landsmøte og gjeld også Vestland Venstre.  
12 Vestland Venstre kan rapportere inn tilleggskontingent etter vedtak på årsmøtet. Landsmøtet  
13 fastset kven som har rett til redusert kontingent.

14 Medlemskap, og dei rettar medlemskap gjev, får ein berre i eitt lokallag, og medlemmen kan  
15 berre vere med å behandle og stemme over same sak i eitt lokallag. Det einskilde medlem  
16 kan sjølv velje kva lokallag ein vil vere medlem i.

17 Rettar som medlem kan berre utøvast personleg.

### 18 § 3. ORGANISASJON

19 Venstre består av partiet sine medlemmer organisert gjennom lokallag, fylkeslag og partiet  
20 sin nasjonale organisasjon.

21 Venstre sine partiorgan i fylka er fylkesstyret og fylkesårsmøtet.

22 Vestland Venstre har følgjande tilknytte sjølvstendige og likestilte organisasjonar som er  
23 representert i Vestland Venstre sine organ og omtalt i desse vedtekter dersom  
24 organisasjonane er aktive:

25 Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og Hordaland Venstrekvinnelag.

26 Vestland Venstre er tilknytt Venstres Studieforbund (VS).

27 Begge kjønn skal, som ein hovudregel, vere representert med minst 40 prosent i Vestland  
28 Venstre sine styre, utval, komitéar og delegasjonar til Venstre sine landsmøte.

29 Folkevald for Vestland Venstre blir ein berre ved å stille til val på Vestland Venstre sine  
30 vallister og på Venstre sitt program. Har ein stilt til val på Vestland Venstre sitt program så er  
31 dette den kontrakten ein har med veljarane.

32 Vestland Venstre sine partiorgan kan ikkje instruere folkevalde som er innvalde for Vestland  
33 Venstre utover det programmet dei er valde på. Dersom det er punkt i eit partiprogram ein  
34 folkevald ikkje kan følgje, er den folkevalde forplikta til å informere vedtaksorganet om dette.

35 Vestland Venstre sine folkevalde representantar pliktar å skape gode politiske prosessar og  
36 lytte til innspel frå eige parti.

37 Vestland Venstre sine folkevalde representantar i fylkestinget dannar si eiga gruppe med  
38 styre og gruppereglement.

### 39 **Protokollar**

40 Møteprotokollar frå fylkeslaget vert sendt til alle som er innkalla til møta og til Venstres  
41 Hovudorganisasjon.

### 42 **Voteringsreglar i fylkeslaget**

43 Møteleiaren foreslår korleis voteringane skal gå føre seg. Vedtak i andre saker enn dei som  
44 gjeld vedtektsendringar gjerast med fleirtalsvedtak. Dersom stemmetala for og mot i ei sak er  
45 like vert det ei ny votering. Ved andre gongs stemmelikskap blir innstillinga ståande.

46 Ved personval og nominasjonar krevst over halvparten av dei gjevne stemmene for å bli  
47 vald. Oppnår ein ikkje dette ved første gongs votering, fell den av kandidatane med færrest  
48 stemmer ut. Det vert gjennomført nye valomgangar inntil éin av kandidatane har fått over  
49 halvparten av dei gjevne stemmer. Ved stemmelikskap gjer ein ny votering. Ved andre gongs  
50 stemmelikskap vert det loddtrekking.

51 Dersom resultatet ved andre former for personval blir likt stemmetall, skal det gjennomførast  
52 loddtrekking.

53 Personval skal vere skriftleg dersom minst éin person krev det. Stemmesetlar ved val skal  
54 innehalde det same tal namn som det tal personar som skal veljast.

## 55 **§ 4. FYLKESSTYRET**

56 Fylkesstyret leiar Venstre sitt arbeid mellom fylkesårsmøta i samsvar med vedtektene og dei  
57 vedtak som blir fatta av fylkesårsmøtet. Fylkesstyret møtest minst fire gonger mellom kvart  
58 ordinære fylkesårsmøte og elles så ofte som leiaren eller 40 % av fylkesstyremedlemmene  
59 skriftleg krev det. Fylkesstyret kan gjere vedtak når minst halvparten av  
60 fylkesstyremedlemmene, deriblant fylkesleiaren eller ein av nestleiarane, er til stades.

61 Fylkesleiaren kallar fylkesstyret saman og leiar møta.  
62 Fylkesstyremøta er i utgangspunktet opne.

63 Fylkesstyret består av fylkesleiar og minst fire fylkesstyremedlemmer vald av fylkesårsmøtet.  
64 I tillegg har styret eit medlem vald av Vestland Unge Venstre, eit medlem vald av Vestland  
65 Liberale studentar, eit medlem vald av Hordaland Venstrekvinnelag og eventuelt medlemmer  
66 vald av andre sideorganisasjonar i Vestland. Det er ein føresetnad for representasjonsretten  
67 at den tilknytta organisasjon har avhalde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før  
68 dette. Leiaren for Venstre si fylkestingsgruppe tiltrer styret utan stemmerett.

69 Fylkesstyret pliktar å følgje opp vedtektene og har ansvar for fylkeslaget sin økonomi,  
70 nettsider, politikkskaping, informasjonsverksemd, skolering, medlemsverving og ekstern  
71 verksemd. Fylkesleiar teiknar for laget.

72 Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitéar til å ta seg av særskilte oppgåver, som  
73 for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité.

74 Fylkesstyret har ansvar for å stifte nye lokallag og å følgje opp dei eksisterande lokallaga sitt  
75 arbeid. Vidare skal fylkesstyret bidra til at det vert utarbeidd lokale valprogram og at det vert  
76 stilt vallister for Venstre i alle kommunar i fylket.

77 Fylkesstyret skal i mellomvalsår før stortings- og fylkestingsval sette i gang ein open  
78 nominasjonsprosess og sørge for at nominasjonsmøtet vert halde innan utgangen av februar  
79 (i valåret).

80 I fylkestingsvalår sørger fylkesstyret for at det vert oppnemnt ein programkomité som i god  
81 tid før fylkesårsmøtet skal utarbeide eit forslag til eige valprogram for Venstre i fylket.

82 Etter eit fylkestingsval kallar fylkesstyret inn dei representantane som har blitt folkevald for  
83 Venstre i fylkestinget til konstituerande møte, men dei folkevalde konstituerer seg sjølv og vel  
84 sin gruppeleiar.

85 Fylkesstyret kan oppnemne eit arbeidsutval som førebur saker til handsaming i fylkesstyret  
86 og følgjer opp vedtak fatta av fylkesstyret. Arbeidsutvalet skal ha eit klart mandat som vert  
87 vedteke av fylkesstyret. Arbeidsutvalet består av leiaren og to medlemmer vald av og blant  
88 fylkesstyremedlemmene. Protokoll frå arbeidsutvalet sine forhandlingar skal sendast til  
89 fylkesstyret sine medlemmer og varamedlemmer. Merknader til protokollen må leggjast fram  
90 seinast på neste fylkesstyremøte.

## 91 **§ 5. FYLKESÅRSMØTET**

92 Fylkesårsmøtet er høgaste myndigheit i fylkeslaget og skal haldast innan utgangen av  
93 februar kvart år. Fylkesstyret kallar inn til møtet med minst ein månads varsel. I innkallinga  
94 skal det setjast ein frist for påmelding og for å fremme forslag til politiske uttaler og andre  
95 forslag ein ønskjer å ta opp til handsaming på fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet skal berre  
96 behandle dei saker som er sett opp på sakslista for møtet.

97 Ekstraordinært fylkesårsmøte kan haldast når fylkesstyret vedtek det eller når minst ein  
98 tredel av lokallaga skriftleg krev det. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle den eller  
99 dei saker som er gitt i innkallinga til møtet.

100 Tid og stad vert fastsett av fylkesstyret. Møtet skal innkallast med minst 10 dagars varsel.

101 Dei valde delegatane til det ordinære årsmøtet er delegatar til det ekstraordinære.

102 Saksdokument skal sendast lokallag/påmeldte delegatar minst 7 dagar før årsmøtet.  
103 Innkomne forslag som kjem inn etter den fastsette fristen må få 2/3 fleirtal på fylkesårsmøtet  
104 for å bli tatt opp til behandling på fylkesårsmøtet.

105 Fylkesårsmøtet består av fylkesstyret sine årsmøtevalde medlemmer og av delegatar vald av  
106 lokallagsårsmøta i Venstre etter følgjande reglar:

107 *a) Tal på medlemmer i lokallaga:*

108 Inntil 25 medlemmer: 1 delegat

109 26-50 medlemmer: 2 delegatar

110 51-100 medlemmer: 3 delegatar

111 Vidare 1 delegat for kvar påbegynt 50 medlemmer.

112 og

113 *b) Stemmetal i den enkelte kommune ved siste halde val i fylket:*

114 Inntil 150 stemmer: 1 delegat

115 For overskytande tal inntil 1.900; ein delegat for kvar påbegynt 250

116 For overskytande tal inntil 7.900; ein delegat for kvar påbegynt 400

117 For ytterlegare overskytande tal; ein delegat for kvar påbegynt 700

118 Medlemstalet vert rekna per 31. desember og berre betalande medlemmer reknast med.

119 I kommunar utan lokallag, men der det er gitt stemmer for Venstre ved valet, tar

120 fylkesårsmøtet stilling til kven som kan representere kommunen på grunnlag av stemmetal.

121 Delegatar frå lokallag skal ha fullmakter underskrivne av leiar i lokallaget.

122 Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale

123 studentar og Hordaland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerepresentant, éin delegat per

124 fungerande lokallag i kommunane i fylket eller samanslegne lag. Det er ein føresetnad for

125 representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før

126 dette.

127 Venstre sine fylkestingsrepresentantar, stortingsrepresentantar frå fylket og statsrådar frå

128 fylket har tale- og forslagsrett på fylkesårsmøta.

129 Fylkesårsmøtet er i utgangspunktet eit ope møte.

### 130 **Konstituering**

131 Fylkesårsmøtet vert opna av fylkesleiaren som leiar konstitueringa av møtet der følgjande

132 skal veljast:

133 • Møteleiarar

134 • Fullmaktskomité med leiar og to medlemmer som gir innstilling om godkjenning av  
135 delegatane sine fullmakter til fylkesårsmøtet.

136 • Møtesekretærar og -referentar.

137 • Teljekorps.

138 • Redaksjonskomité for politiske uttaler.

139 • To personar til å underskrive protokollen.

140 Protokollen skal vere underskriven og tilgjengeleg seinast éin månad etter fylkesårsmøtet.

141 Endeleg godkjenning av protokollen skjer i det første fylkesstyremøtet etter fylkesårsmøtet.

### 142 **Val**

143 Fylkesårsmøtet skal foreta val av:

### 144 **Fylkesstyre**

145 Det første og det tredje ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel eit styre med minst 5

146 medlemmer, der det skal vere:

147 • Fylkesleiar

148 • Éin eller to fylkesnестleiarar

149 • Minst to eller tre fylkesstyremedlemmer

150 • Inntil 5 varamedlemmer

151 **Revisor**

152 Det første og tredje ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel revisorar til å stå for  
153 revisjon av fylkeslaget sin rekneskap. Revisorane kan ikkje ha andre verv i fylkeslaget.

154 **Landsmøtedelegatar**

155 Kwart fylkesårsmøte vel delegatar og varadelegatar til landsmøtet i Venstre i tråd med tildelt  
156 tal på utsendingar.

157 **Valkomité**

158 Det andre og det fjerde ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel ein valkomité etter  
159 forslag frå fylkesstyret. Komiteen består av leiar, to eller 4 medlemmer og fire  
160 varamedlemmer, som på det etterfølgjande fylkesårsmøtet legg fram forslag til val av  
161 fylkesstyre, revisor og delegatar til landsmøte i Venstre. Ingen av medlemmene eller  
162 varamedlemmene i det sittande fylkesstyre kan vere medlemmer eller varamedlemmer til  
163 valkomitéen.

164 **Andre arbeidsoppgåver**

165 Alle ordinære fylkesårsmøte skal:

- 166 • Behandle årsmelding og årsrekneskap frå fylkesstyret. Årsmeldinga og årsrekneskapen  
167 følger kalenderåret.
- 168 • Fastsette fylkeslaget sin sats for medlemskontingent for det etterfølgjande kalenderår.
- 169 • Behandle forslag til mål, strategiar og hovudretningslinjer for fylkeslagets verksemd frå  
170 fylkesstyret.
- 171 • Behandle og stemme over andre saker som er fremma i samsvar med vedtektene.
- 172 • I stortingsvalår skal fylkesårsmøtet behandle og eventuelt fremme endringsforslag til  
173 utkast til stortingsvalprogram.
- 174 • I valår skal fylkesårsmøtet behandle og vedta ein plan for fylkeslaget sin valkamp.
- 175 • I fylkestingsvalår skal fylkesårsmøtet (eller etter vedtektene for det enkelte fylkeslag eit  
176 anna representativt møte i fylkeslaget) behandle og vedta eige valprogram for Venstre i  
177 fylket.

178 **§ 6. NOMINASJON**

179 Nominasjonsmøtet er samansett og har same representasjon som fylkesårsmøtet.

180 For fylkeslag som vel å halde nominasjonsmøtet i november eller desember året før val, skal  
181 det takast utgangspunkt i medlemstalet per 1. november same år som nominasjonsmøtet  
182 vert halde.

183 Nominasjonsmøtet vert konstituert på same måte som fylkesårsmøtet.

184 Val av delegatar frå lokallaga skjer på lokallagsårsmøte eller eige medlemsmøte i det enkelte  
185 lokallag. Slikt lokalt medlemsmøte skal kallast inn med 14 dagars varsel gjennom skriftleg  
186 invitasjon til alle medlemmer i lokallaget.

187

188 **§ 7. ENDRINGAR I VEDTEKTENE**

189 Ved endring av desse normalvedtektene må fylkeslaget behandle sine egne vedtektssett på  
190 påfølgjande fylkesårsmøte.

191 Fylkeslaget sine vedtekter vert endra av fylkesårsmøtet når minst to tredeler stemmer for det.  
192 Forslag til vedtektsendringar skal på førehand leggjast fram for fylkesstyret og sendast ut  
193 seinast innan ein månad før fylkesårsmøtet til dei tilknytte organisasjonar sine fylkesstyre og  
194 Venstre sine lokallag i fylket. Før endringane trer i kraft må dei vere godkjent av sentralstyret  
195 i Venstres. Eit eventuelt avslag på godkjenning i sentralstyret kan ankast til landsstyret.

196 **§ 8. SAMANSLÅING**

197 Fylkeslaget kan slå seg saman med eitt eller fleire fylkeslag til éin organisasjon ved 2/3-flertal  
198 og elles etter nærmare føresegner i VHO sine vedtekter. Eit slikt regionlag må i vedtektene  
199 ivareta de organisatoriske løysningar som er nødvendige i forhold til oppgåvene knytt til  
200 nominasjon og innlevering av lister til fylkestingsval og stortingsval. Berre medlemmer som  
201 har røysterett i det enkelte fylke kan vere med å setje saman lista for dette fylket.

202

203

204